

## ÅRSMELDING OG STYRET SI MELDING FOR 2022

### Selskapet si verksemد

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS er eit interkommunalt samarbeid mellom 10 kommunar på Haugalandet, og skal ivareta funksjonen som sekretariat for kontrollutvala for eigarane. Deltakarkommunane er Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Kommunane hadde totalt 120 246 innbyggjarar pr. 01.01.23.

Selskapet blei stifta 23.11.04 på bakgrunn av lovendring i kommunelova der det er krav om uavhengige sekretariat. Selskapet utførar sekretariatstenester som omfattar oppgåver for kontrollutvala som saksførebuing, utsending av sakspapir, protokollføring og iverksetjing av vedtak.

I 2022 har det vore 5 styremøte. Ei sak blei handsama i eit digitalt møte. Styret har handsama 36 saker, der 7 saker er sendt vidare til representantskapet med innstilling. Det har ikkje vore endringar på personellsida, men dagleg leiar varsla på nyåret at ho ville gå av med pensjon på nyåret i 2023. Styret har gjennomført ein god og grundig rekrutteringsprosessen for å få på plass ny dagleg leiar og rådgjevar. Begge stillingane blei tilsett i løpet av hausten.

Representantskapsmøtet blei gjennomført i april, som fysisk møte denne gongen. Møtet blei leia av nestleiar Trine Meling Stokland, som også blei valt som ny leiar, då tidlegare leiar døde brått i desember 2021.

Kontoret til selskapet ligg i Tysvær rådhus. Rekneskapsføringa og lønnsutbetalingane er utført av Addera SA.

Året 2022 har vore prega av tilnærma normal drift. Sekretariatet har gjennomført totalt 49 kontrollutvalsmøte og saksførebudd 319 saker. Møta i kontrollutvala blir haldne på rådhusa i den enkelte kommune.

### Framhald av drift

Kommunelova krev at kontrollutvalsekretariata skal ha si sjølvstende, dvs. ikkje vere underlagt kommunedirektør. Verksemda er difor basert på eit gjensidig samarbeid med og mellom eigarane om sekretariatfunksjonen for kontrollutvala i avtale frå 2004. Det er inga indikasjonar som skulle seie at lovgrunnlaget for selskapet skal falle bort.

Selskapet har hatt stabilitet i arbeidsstokk og eigenkapitalen er god. Med dette som utgangspunkt meiner styret at vilkåra for framhald av drift av selskapet er til stades.

### Resultat og utvikling

Selskapet skal i tråd med selskapsavtalen drivast i balanse, slik at inntektene frå kommunane dekkjar kostnadene. Rekneskapen for 2022 viser ein omsetnad/budsjett på kr 2 302 000. Rekneskapen viser i år eit forventa meirforbruk på kr. 186 258. Dette skyldast i hovudsak kostnader knytt til rekruttering av ny dagleg leiar og ny rådgjevar.



Styret gjer framlegg om at underskotet vert dekka inn av eigenkapitalen. IKS'et er eit lite selskap og er sårbar for endringar i rammevilkår og arbeidsstokk. Det har difor vore viktig å ha reserver tilgjengeleg. Ved å sette av midlar er selskapet blitt meir robust i sin daglege drift, samstundes som selskapet har blitt meir likvid.

Selskapet har i 2022 ikkje delteke i eller gjennomført forskings- og utviklingsprosjekt.

#### **Arbeidsmiljø**

Selskapet har eit godt arbeidsmiljø. Sjukefråveret er rekna til 2 %. Det har ikkje vore nokon skadar eller ulykker. Selskapet har fokus på forhold knytt til helse, miljø og tryggleik. Selskapet har samarbeidsavtale med NAV om inkluderande arbeidsliv.

#### **Likestilling**

Selskapet har to tilsette, ei kvinne og ein mann. Styret i selskapet er sett saman av to kvinner og ein mann. Det er ikkje sett i verk spesielle likestillingstiltak. Selskapet legg vekt på likebehandling mellom kjønna i sin verksemd og styret meiner denne målsettinga er oppfylt.

#### **Ytre miljø**

Selskapet har ikkje verksemd som forureinar utover reiseaktivitet knytte til arbeidet i eigarkommunane. Selskapet sitt hovudkontor er lagt til Aksdal i Tysvær kommune, som geografisk ligg om lag midt i selskapet sitt virkeområde.

#### **Avslutning**

Som sekretariat for kontrollutvala er selskapet avhengig av eit nært og godt samarbeid med kommunestyra v/ordførar og administrasjonen i kommunane og revisjonsselskapet. Styret og dagleg leiar vil takka for samarbeidet som har vore i året som har gått. Selskapet kan gjennom si verksemd bidrege til ein velfungerande forvaltning og skape størst mogleg tillit til kommunane som forvaltningsorgan.

Aksdal, 29.03.23

*Siv Bente Stople Østbø*

**Siv Bente Stople Østbø**

Styreleiar

*Ernst Morgan Endresen*

**Ernst Morgan Endresen**

Nestleiar

*Astri Furumo*

**Astri Furumo**

Styremedlem

*Odd Gunnar Høie*

**Odd Gunnar Høie**

Dagleg leiar